NORGES HUSFLIDSLAG



Foto: Astrid Waller

Norges Husflidslag
Bunadpolitisk plattform

Føremålet med bunadpolitisk plattform er å vere eit verktøy for tillitsvalde og tilsette i Norges Husflidslag (NH). Dokumentet er forma av og for organisasjonen og er meint som ein ressurs og ei støtte i arbeid og fråsegner om våre bunadtradisjonar. Plattforma viser tydeleg organisasjonen sine verdiar, haldningar og politiske standpunkt om bunadbruk. Den skal gi retning for arbeid, kommunikasjon og påverknad i saker som angår bunadbruk, handverk og kulturarv.

Bunadpolitisk plattform blei vedteke på Norges Husflidslags landsmøte i juni 2026.

Bunadpolitisk plattform

VERDIGRUNNLAG

NH verdset høgt den allmenne utbreiinga av bunadane. Bunadbruk er ein sentral del av den immaterielle kulturarven i Noreg og eit uttrykk for tradisjon, identitet og fellesskap. Innskrivinga av bunadbruk i Noreg på UNESCOs representative liste forsterkar ansvaret for å verne, vidareføre og utvikle tradisjonen. Bunadpolitisk plattform er avgrensa til å handle om bunadbruk og bunadtradisjonane i Noreg, som ei direkte oppfølging av innskrivinga.

NH LEGGER FØLGENDE VERDIER TIL GRUNN:

- **Kulturarv:** Bunaden representerer historisk kontinuitet, regionalt og lokalt mangfald
- **Inkludering:** Bunad er for alle, uavhengig av bakgrunn, kjønn eller tilhøyrsle
- **Bunadglede:** Bunadbruk skapar stoltheit, tilhøyrsle og fellesskap
- **Bærekraft:** Bunaden er eit varig plagg bygd på kvalitet, gjenbruk og ansvarleg produksjon

POLITISKE MÅL

NH arbeider for å styrke rammevilkåra for bunadbruk og tradisjonshandverk ved å:

- påverke myndigheitene til å føre ein heilskapleg politikk for levande kulturarv
- arbeide for å betre utdanningstilbod og rekruttering til bunadrelaterte handverksfag
- legge vekt på opplæringsmoglegheiter i regi av frivilligheita for å føre vidare tradisjonar
- betre tilhøva for handverkarar, lærlingar og små fagmiljø
- sikre berekraftige og transparente produksjons- og verdikjeder

INNSATSOMRÅDER

Utdanning, opplæring og rekruttering

NH arbeider for å styrke opplæring og rekruttering. Dette gjer vi med politisk påverknad og gjennom eigne tiltak. NH arbeider for:

- stabile utdanningstilbod i bunadrelaterte handverksfag over heile landet
- å ivareta geografisk og fagleg breidde og kompetanse i prøvenemndene for bunadrelaterte handverksfag.
- å bryte ned barrierar for å bli lærebedrift og at lærlingetilskotet for tradisjonshandverkfaga må hevast vesentleg
- desentralisert, praksisnær opplæring i form av kurs og læringsverkstader
- at fleire skal kunne sy heile eller delar av sin eigen bunad

Handverk og kunnskap

NH arbeider for å:

- bevare og vidareføre handverksteknikkar og fagkunnskap
- oppretthalde kunnskap i små og raudlista handverksferdigheiter
- styrke kunnskap om bunadane sine historiske, regionale og lokale variasjonar
- vise fram kvaliteten i og verdien av tradisjonshandverk

NORGES HUSFLIDSLAG

Produksjon og medlemsbutikkane

Medlemsbutikkar er viktige for organisasjonen sitt arbeid gjennom å formidle kunnskap og interesse for kvalitetshandverk, bunadbruk og bunadtradisjonane over heile landet. Individuelle medlemmar, lokallag og medlemsbutikkar skal fremje kvarandre for å oppretthalde tilgang på kunnskap, materialar og utstyr knytt til produksjonen av bunader.

NH arbeider for å:

- sikre tilgang på materialar, utstyr og kompetanse over heile landet
- styrke samspelet mellom handverkarar, medlemmar og butikkar
- fremje lokal produksjon og seriøse aktørar i tråd med norsk regelverk

Berekraft i praksis

NH meiner at bunadbruk tek vare på kulturell, sosial og miljømessig berekraft gjennom:

- ein brei og allmenn bruk over heile landet
- lang levetid, høg kvalitet, arv, omsaum og reparasjon
- openheit om produksjonstilhøve og materialbruk
- FNs berekraftmål om utdanning, anstendig arbeid, og ansvarleg forbruk og produksjon.

Tradisjon og utvikling

Bunadtradisjonen er levande og i endring. NH vedgår at det kan oppstå spenningar mellom ivaretaking og fornying. Vi ser på bunadbruk som kulturarv og eit uttrykk for identitet og fellesskap, og vedgår at tradisjonen i nokre tilfelle også blir brukt som ei politisk ytring.

NH forvaltar ikkje éin fasit, men fremjar ei tilnærming basert på:

- fagleg kunnskap
- å streve etter respekt for mangfaldet i våre drakttradisjonar
- open dialog, nyfikenheit og toleranse
- refleksjon og meiningsutveksling

PRINSIPPER FOR KOMMUNIKASJON

Alle ledd i organisasjonen skal:

- bruke eit inkluderande og respektfullt språk
- synleggjere mangfald i bunadbruk
- bidra til kunnskapsbasert og nyansert formidling

NYTTIGE LENKER

ich.unesco.org/en/RL/traditional-costumes-in-norway-craftsmanship-and-social-practice-02084

husflid.no/fagsider-/bunad-og-folkedrakt

husflid.no/bunadglede

husflid.no/bunadbruk-unesco

husflid.no/bunadbruk-internasjonal-anerkjennelse

Historikk, utfyllande informasjon og definisjonar

NORGES HUSFLIDSLAG

Bakgrunn og historisk forankring

Norges Husflidslag (NH) vart etablert i 1910, men husflidsrøyrsla i Noreg har røter tilbake til første halvdel av 1800-talet. Allereie før organisasjonen vart stifta, eksisterte det regionale og lokale husflidsforeiningar som arbeidde for å ta vare på og føre vidare tradisjonshandverk gjennom opplæring av produsentar, sal av produkt og formidling av god husflid. Den første store nasjonale husflidutstillinga vart arrangert i Christiania i 1835 og markerte eit viktig tidsskilje i offentleg verdsetjing av den kulturelle og samfunnsmessige verdien til handverket.

Foreiningane som seinare samla seg i Norges Husflidslag, kombinerte kulturarbeid og samfunnsengasjement. Dette arbeidet var både eit middel og eit mål i seg sjølv, og er framleis grunnleggande for organisasjonen. Dette kjem tydeleg til uttrykk i vedtektene § 1, der det vert slått fast at Norges Husflidslag arbeider for å ta vare på og utvikle husflid og handverk kulturelt, sosialt og økonomisk.

Rolla til bunadfeltet i utviklinga av organisasjonen

Bunad og folkedrakt har hatt ein sentral plass i historia til Norges Husflidslag. I 1947 vart Landsnemnd for bunadsspørsmål oppretta, i dag Rådet for bunad og folkedrakt, som NH har samarbeidd tett med sidan. Spørsmål knytt til forvaltning, bruk og utvikling av bunader har følgd organisasjonen gjennom den rundt 150 år lange historia til bunadtradisjonane.

Bunadfeltet har gjennom åra blitt følgd opp gjennom fagutval, lokale bunadnemnder, kursverksemd og formidling, mellom anna gjennom Magasinet Husflid. I dag tar Norges Husflidslag eit heilskapleg ansvar for ivaretakinga av den samansette bunadhistoria, medrekna arbeid med om lag 450 bunader og folkedrakter, bevaring av handverkstradisjonar og formidling av kunnskap om både tilverknad og bruk. Behovet for ei meir samla og strategisk tilnærming til bunadarbeidet har vore handsama fleire gonger dei siste 25 åra, noko som understrekar at feltet er viktig.

Internasjonalt ansvar og verdsetjing

I 2014 vart Norges Husflidslag akkreditert som ekspertorganisasjon knytt til UNESCOs konvensjon for vern av immateriell kulturarv. Dette ansvaret blei gjort ytterlegare tydeleg då «Bunadbruk i Norge – tradisjonshåndverk og sosial praksis» vart innskrive på UNESCOs representative liste over immateriell kulturarv i desember 2024. Innskrivinga verdset både den breie og levande bunadbruken og det store mangfaldet av lokale og regionale tradisjonar.

Det formelle ansvaret for oppfølging av vernetiltak ligg hos staten ved Kulturdepartementet, med oppdrag lagt til Kulturdirektoratet. Samstundes er politiske avgjerder på statleg, regionalt og lokalt nivå viktige for vern og vidareføring av tradisjonane, og gir Norges Husflidslag ei tydeleg rolle som fagleg stemme, påverkar og kunnskapsformidlar.

Behov for ei bunadpolitisk plattform

Med bakgrunn i historia til organisasjonen og det ansvaret og den rolla vi har i dag, treng Norges Husflidslag ei tydeleg bunadpolitisk plattform. Plattforma skal vise fram organisasjonen sine verdiar, haldningar og interesser innan bunadfeltet. Plattforma gir eit fagleg og verdimessig grunnlag for vidare utvikling, og skal vere ei støtte for tillitsvalde og tilsette når organisasjonen uttalar seg og handlar på vegner av fellesskapen.

Avgrensing og forankring

Norges Husflidslags bunadpolitiske plattform handlar om tilhøve knytt til bunadbruk og er ei direkte følgje av innskrivinga av tradisjonen på UNESCOs representative liste over immateriell kulturarv, i 2024. Plattforma byggjer på teksten i nominasjonen av Bunadbruk i Norge – tradisjonshåndverk og sosial praksis, og er forankra i organisasjonens interne styringsdokument, mellom dei strategisk plan, regionale og lokale planer.

Andre sentrale dokument for det bunadpolitiske arbeidet er Strategi for vern og videreføring av Bunadbruk i Norge, tradisjonshåndverk og sosial praksis (2025–2029) og Bunadbruk – manifest (2025) frå samarbeidet med dei andre organisasjonane om nominasjonen til UNESCO.

Verdigrunnlag

Det finns om lag 450 bunader og folkedrakter i Noreg, i tillegg til nyare festdrakter. Bunaden spelar ei viktig rolle for identiteten til mange menneske. I tillegg til å vere kulturarv av nasjonal verdi representerer den geografisk, og ofte også familiær, tilhøyrsle. Samstundes er bunader uttrykk for eit handverk av høg kvalitet og eit mangfald som knapt har parallellar i dagens masseproduserte kledeindustri. Bunader er både kostbare og verdifulle som plagg og som berarar av personleg og kollektiv historie, og Norges Husflidslag arbeider for at kunnskapen skal vidareførast og utviklast med respekt for tradisjonane.

Prioriterte innsatsområder

Ein kan få kompetanse i bunadtilverkarfaget både gjennom formell og ikkje-formell opplæring. Det formelle løpet går gjennom vidaregåande opplæring og lærlingordning, eller gjennom dokumentert praksis og sveineprøve for vaksne. I tillegg finns eit stort tilbod om kurs og opplæring innan bunad og handverk, arrangert av Norges Husflidslag, lokale- og regionale husflidslag og andre friviljuge aktørar. Mykje kunnskap vert også overført gjennom familie og lokale tradisjonsmiljø.

Norges Husflidslag ser at rekrutteringa til bunadtilverkarfaget er sårbar. Små bedrifter har ofte avgrensa kapasitet til å ta ansvar for lærlingar, lærlingtilskota er for låge, og mangelen på faglege nettverk kan gjere det krevjande å sikre god opplæring og vidareføring av kompetanse.

Tilgang på materiale og produsentar over heile landet er ein viktig føresetnad for å oppretthalde mangfald og kvalitet i bunadtradisjonane. Både lokal tilverking og industri spelar ei rolle i dette arbeidet. Medlemsbutikkane til organisasjonen er sentrale faghandelsaktørar og viktige møteplassar for kunnskap, materialar og vegleiing.

Bunaden representerer berekraft i praksis. Den er laga for å vare gjennom generasjonar og består av materiale og handverk av høg kvalitet. Samstundes må det vere økonomisk berekraftig å leve av små handverksfag og lokal produksjon. Auka interesse for bunadbruk gir betre livsgrunnlag for handverkarar som ønskjer å produsere kvalitetsvarer lokalt.

Bunadtradisjonen er levande og i utvikling. God kunnskap om både nasjonale og lokale tradisjonar gir tryggleik i bruk og forståing for rammene til tradisjonen. Norges Husflidslag vil gjennom formidling og opplæring bidra til å føre vidare mangfaldet i tradisjonane og til at utviklinga skjer med faglegheit, medvit og respekt for handverket.

Definisjonar

Kjelde: Norsk institutt for bunad og folkedrakt

Bunad: Bunad er fest- og høgtidsdrakter som har sitt opphav i folkedraktene, men som blir brukte av moderne menneske som går i moteprega klede til dagleg. Bunadane kan i ulik grad vere knytte til dei eldre folkedraktene.

Folkedrakt: Folkedrakter er dei tradisjonsbundne draktene som folk på landsbygdene brukte i det før-industrielle Noreg. Medan motedrakta i samtida var utåtvend, er folkedrakttradisjonen innettervendt i den forstand at ein henta mange av impulsane lokalt og regionalt. Folkedrakttradisjonen skilde seg frå moten i samtida, og frå draktskikkar i andre bygder.

Festdrakt: Ei festdrakt er ei drakt som kan ha bunadliknande trekk, men som ofte ikkje byggjer på spesifikke drakttradisjonar. Ei festdrakt er også gjerne nasjonal, og har difor ikkje lokale særpreg.